

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/35/16

av 18. februar 2011

om å gje Frankrike løyve, i medhald av rådsdirektiv 92/66/EØF, til å frakte daggamle kjuklingar og verpeklare unghøner ut av den vernesona som vart innført på grunn av eit utbrot av Newcastle disease i departementet Côtes d'Armor

[meld under nummeret K(2011) 869]

(Berre den franske teksta er gyldig)

(2011/111/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 92/66/EØF av 14. juli 1992 om innføring av fellesskapstiltak for å bekjempe Newcastle Disease⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2 bokstav f) ii), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 92/66/EØF er det fastsett at nedkjempingstiltaka til Unionen skal nyttast i tilfelle utbrot av Newcastle disease hjå fjørfe eller hjå brevduer og andre fuglar som vert haldne i fangenskap. I medhald av det nemnde direktivet skal den medlemsstaten som det gjeld, straks diagnosen Newcastle disease er vorten offisielt stadfesta hjå fjørfe, syte for at den rette styresmakta innfører ei vernesone med ein radius på minst tre kilometer rundt den infiserte driftseininga, som igjen skal vere omgjeven av ei overvakingssone med ein radius på minst ti kilometer.
- 2) Dei tiltaka som vert nytta i vernesona, skal omfatte eit forbod mot fjerning av fjørfe og rugeegg frå driftseininga der dei vert haldne, med mindre den rette styresmakta har gjeve løyve til transport på visse vilkår.
- 3) Den rette styresmakta kan m.a. gje løyve til transport av daggamle kjuklingar eller verpeklare unghøner berre til ei driftseining som ligg innanfor overvakingssona, og der det ikkje finst anna fjørfe. Dei medlemsstatane der det ikkje er mogleg å frakte slike kjuklingar og unghøner til ei driftseining innanfor overvakingssona, kan likevel få løyve til å frakte kjuklingane og unghønene til ei driftseining som ligg utanfor overvakingssona, i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i direktiv 92/66/EØF.

- 4) 3. januar 2011 stadfesta Frankrike eit utbrot av Newcastle disease hjå duer som er meinte for kjøtproduksjon, i ei driftseining i kommunen Langoat i departementet Côtes d'Armor. Det har heilt sidan 30. desember 2010 vore innført ei verne- og overvakingssone rundt denne driftseininga.
- 5) 4. januar 2011 melde Frankrike frå til Kommisjonen om at utbrotet var stadfesta og nedkjempingstiltak vedtekne, medrekna forbod mot flytting og transport av fjørfe ut av dei verne- og overvakingssonene som var innførte i medhald av direktiv 92/66/EØF.
- 6) Den vernesona som Frankrike har innført, omfattar driftseiningar med stor produksjon av daggamle kjuklingar og verpeklare unghøner, og driftseiningane i overvakingssona har ikkje stor nok kapasitet til å kunne ta imot denne produksjonsmengda. Frankrike har difor meldt frå til Kommisjonen om at det ikkje er mogleg å frakte daggamle kjuklingar eller verpeklare unghøner til ei driftseining som ligg innanfor overvakingssona.
- 7) Frankrike har difor søkt om løyve til å frakte slike kjuklingar og unghøner til driftseiningar som ligg utanfor overvakingssona. Daggamle kjuklingar og verpeklare unghøner med opphav i driftseiningar som ligg innanfor vernesona, vil verte verande i Frankrike.
- 8) Det løyvet som det vert søkt om, bør gjevast på det vilkåret at Frankrike i samsvar med direktiv 92/66/EØF vedtek strenge tiltak for nedkjemping og førebygging som sikrar at det ikkje finst nokon risiko for spreining av Newcastle disease.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 46 av 19.2.2011, s. 44, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 2/2012 av 10. februar 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 34 av 21.6.2012, s. 3.

(1) TEF L 260 av 5.9.1992, s. 1.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Frankrike kan tillate transport av daggamle kjuklingar og verpeklare unghøner med opphav i driftseiningar som ligg innanfor den vernesona som vart innført 30. desember 2010 rundt ei driftseining med duer meinte for kjøtproduksjon, i kommunen Langoat i departementet Côtes d'Armor, til andre driftseiningar for fjørfe på territoriet til Frankrike, på følgjande vilkår:

- a) Den rette styresmakta som er ansvarleg for opphavseininga, skal minst 24 timar på førehand melde frå til den rette styresmakta som er ansvarleg for mottakareininga, om sendinga av daggamle kjuklingar eller verpeklare unghøner.
- b) Køyretøya som fraktar dei daggamle kjuklingane eller verpeklare unghønene, skal forseglast av den rette styresmakta før avreise.
- c) Når køyretøya vert forseglast slik det er nemnt i bokstav b), skal den rette styresmakta notere registreringsnummeret til køyretøyet og talet på daggamle kjuklingar eller verpeklare unghøner som vert frakta.
- d) Når køyretøyet kjem fram til mottakareininga, skal den rette styresmakta
 - i) inspisere og fjerne forseglinga på køyretøyet,

ii) vere til stades når dei daggamle kjuklingane eller verpeklare unghønene vert lossa,

iii) notere registreringsnummeret til køyretøyet og talet på daggamle kjuklingar eller verpeklare unghøner som vert frakta.

- e) Straks etter lossing skal alle køyretøy som fraktar daggamle kjuklingar eller verpeklare unghøner, reingjerast og desinfiserast under offentleg kontroll og i samsvar med instruksjonane frå den rette styresmakta.
- f) Mottakareininga skal vere underlagd offentleg kontroll i minst 21 dagar.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til Republikken Frankrike.

Utfërda i Brussel, 18. februar 2011.

For Kommissjonen

John DALLI

Medlem av Kommissjonen